

## Prosjektkonkurranse for Ivelandstomta i Etnesjøen

### Prosjektomtale

Kommunestyret vedtok i sak 063/24 å lyse ut ein prosjektkonkurranse for eigedomane gnr/bnr 10/22 og 10/38 i sentrum av Etne, såkalla «Ivelandstomta». Eigedomane er i kommunalt eige, og her står det i dag eitt bustadhus og eitt kombinert hus. Sistnemnde har vore eit bygg for fleire tenester i kommunal regi; psykisk helse- og rustenesta, kyrkjekontor og legekontor (mellom anna). No er bygningane rivningsklare, og Etne kommune lyser no ut ein konkurranse der eigedomane vert tildelt den som leverer beste totalløysing for utvikling av området.

### Rammer for prosjektkonkurransen

Kommunen ynskjer å kjøpe inntil 6 einingar med livsløpstandard, og har fyrsteprioritet på desse. Ivelandstomta vert seld til utbyggjar for ein symbolsk sum på 1 kr. Det er ein føresetnad at prosjektet vert realisert og starta opp innan 4 år etter tildeling av konkurransen. Prosjektkonkurransen skal gjennomførast med følgjande akseptkriterium:

- Prosjekt skal innehalde minimum 15 bueiningar.
- Det vert sett minimumskrav til 8 av einingane:

Under 25 m <sup>2</sup> (hybel)	25-65 m <sup>2</sup>	Over 65 m <sup>2</sup>
Min. 2 einingar	Min. 6 einingar	Ingen minstekrav

- Løysingar som fremjar delingskultur som til dømes felles opphaldsrom/selskapslokale, bildeling, gjestehybel til utleige mm.
- Husbankrav som tilfredsstillar livsløpstandard for minst halvparten av bustadane.
- Nytt bygg skal vekslast i byggjehøgde, mellom 2 og 4 etasjar. Takform kan vere saltak, pulttak eller flatt tak.
- Talet parkeringsplassar pr. bustadeining er ikkje sett, og må veljast ut frå konsept. Generelt vil kommunen kunne akseptere eit relativt lågt tal på parkeringsplassar pr. eining grunna den sentrale plasseringa. Parkering kan skje på bakkenivå eller som del av ein parkeringskjellar.
- Det skal vere felles minste uteopphaldsareal (MUA) på 15 m<sup>2</sup> pr. bueining (ekskl. hybel). Felles uteopphaldsareal skal skje på bakkenivå, eller i kombinasjon med uteopphaldsareal på tak. Det vert ikkje sett krav til privat uteopphaldsareal.
- Det skal gjennomførast skjerming eller anna som sikrar tilfredsstillande støynivå på felles uteopphaldsareal. Slik skjerming kan skje i strid med byggegrense.

**Sjå Merzell for meir informasjon om bustadkonseptet og tildelingskriterium**

